

VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I HJARTDAL KOMMUNE 2017

Vedtekne i utval for levekår og kultur i møte 17.01.2017. , sak 003/17, arkivsak 16/1911.

§ 1 EIGARSKAP

Hjartdal kommune eig og driv dei kommunale barnehagane

§ 2 LOVVERK

Barnehagane drivast i samsvar med *lov om barnehage og rammeplan for barnehagen* som forskrift, og dei til ein kvar tid gjeldande lover og kommunale retningslinjer.

§3 FØREMÅL:

Verksemda i barnehagane skal byggje på formålsparagrafen § 1 i Lov om barnehagar

"Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering." Endret ved lov 19 des 2008 nr. 119 (ikr. 1 aug 2010 iflg. res. 18 juni 2010 nr. 828).

§ 4 BARNEHAGENS INNHOLD

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd, der *rammeplan for barnehage* gir retningslinjer for innhald og tilbod. Med dokumentasjon som arbeidsverktøy og prosjekt som arbeidsmetode skal barnas læring, danning og allsidige utvikling støttast og synleggjerast. Barns medverknad står sentralt (*lov om barnehage* § 3). Dette vil danne grunnlaget for kvalitetsutvikling av barnehagane.

§ 5 FORVALTNING:

Barnehagane skal drivast i samsvar med *lov om barnehagar* og dei til ein kvar tid gjeldande føresegner, avtaler og retningslinjer. Etter § 10 i barnehagelova har kommunen tilsynsmynde ovanfor barnehagane. Tilsyn utførast i samsvar med kommunen sin vedtekne plan for tilsyn. Kommunestyret har det overordna ansvaret for barnehagane. Kommunen sitt delegeringsreglement syner kva for oppgåver som er delegert til utvalet for levekår og kultur og rådmannen.

§ 6 OPPTAK, ENDRING OG OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS:

Det er eitt felles opptaksområde for alle barnehagane i Hjartdal kommune. Ved mangel på plass i nærmaste/omsøkte barnehage kan plass bli tildelt i annan barnehage. Hovudopptak til barnehagane skjer 1. mars kvart år. Lovfesta rett til barnehageplass er knytt til søknad ved hovudopptak. Det praktiserast løpande opptak gjennom året under føresetnad av ledige plassar. Det oppmodast til å søke ved hovudopptak, men at opptaket vært gjort gjeldande frå det tidsrommet det er aktuelt for brukaren gjennom året. Opptak føretakast i tråd med kommunen sitt delegeringsreglement.

Svarfrist for opptak er 3 veker etter søknadsfristen.

Om brukar ønskjer anna tilbod enn det som er søkt om, må kommunen få melding om dette innan svarfristen.

Om brukar ønskjer endring i opphaldstida ved oppstart av nytt barnehageår eller i barnehageåret, skal dette søkjast om på eige endringsskjema.

Oppseiingstid av gjeldande tilbod er 1 månad.

Oppseiingstid av barnehageplass er 1 månad før barnet takast ut.

Plassar kan ikkje seiast opp etter 1.mai.

Det innvilgast normalt ikkje redusert foreldrebetaling i samband med fråvere som skuldast ferieavvikling eller sjukdom.

Kommunen har ingen friplassar.

§ 7 OPPTAKSKRITERIER

Følgjande kriterier gjeld for inntak og tildeling av plass i barnehagane:

Barns rett til barnehageplass etter Lov om barnehagar § 12 er som følger:

- Barn som fyller 10 mnd innan utgangen av august det året det søkjast om barnehageplass har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå 15.august.
- Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er busett.
- Retten til barnehageplass føreset at søknad om plass er levert innan fristen 1. mars.

Følgjande barn er prioritert ved opptak etter Lov om barnehagar § 13:

- Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter *lov om barnevernstenester*, §§ 4-12 og 4-4

Utover dette vil opptak til ledige plasser bli gjort etter følgjande kriterium:

- Barn med framandspråkleg bakgrunn prioriterast.
- Søsken prioriterast å få plass i same barnehage..
- Eldre barn prioriterast framfor yngre barn.
- Barn av tilsette som er busett i annan kommune, gitt for eitt år om gongen og under føresetnad av ledige plassar

Søknad om plass skjer på fastsett skjema. Søknadsskjema kan ein få i barnehagen, kommunen sine heimesider og servicekontoret. Når elektronisk søknadsskjema er etablert skal dette nyttast.

Barnehagetilbodet i kommunen blir kunngjort i lokalpressa og på kommunen sine nettsider kvar vår.

§ 8 KLAGE VED OPPTAK:

Vedtak om opptak i barnehagen kan påklagast, jmf *forvaltningslova* §28. Ved hovudopptak kan søkjarar som verken får første eller andre ønsket oppfylt klage. Ved supplerande opptak er det bare søkjarar med lovfesta rett til prioritert plass etter *barnehagelova* § 13 som har klagerett.

Skriftleg klage sendast til Hjartdal Kommune. Klagefristen er 3 veker frå motteke avslag på barnehageplass, jf. *forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage*. Formannskapet er klageinstans etter at klagen er behandla i administrasjonen.

Vedtaket er endeleg etter at klagefristen er gått ut, eventuelt etter at klaga er behandla.

§ 9 FORELDREBETALING:

Statens maksimalprisar for foreldrebetaling gjeld i alle offentlege og private barnehagar. Kommunen fastsett kvart år barnehagesatsar inklusive søskenmoderasjon og kostpengar i samband med budsjettforhandlingane.

Foreldrebetalinga vert kravd inn for 11 mnd i året. Det er høve til å søkje om redusert foreldrebetaling for husstander med låg inntekt, samt gratis kjernetid for særskilde årskull, jf. nasjonale retningsliner.

Manglande betaling

Ved manglande foreldrebetaling i meir enn 1 månad vil plassen bli sagt opp med umiddelbar verknad dersom det ikkje er oppretta særskild innbetalingsavtale mellom dei føresette og kommunen.

Dersom det ligg føre manglande foreldrebetaling for tidlegare plass i barnehage og/eller SFO vil barna eller deira søsken ikkje bli tildelt plass ved ny søknad før restanse kan dokumenterast innbetalt.

§ 10 AREALUTNYTTING:

Ved godkjenning av barnehagane i Hjartdal kommune legg ein til grunn eit leike- og opphaldsareal på 4 m² pr barn over 3 år, og 5,33 kvm for barn under 3 år, (jfr. *lov om barnehagar og forskrifter* til denne) Arealutnyttinga tar utgangspunkt i dei rom som faktisk står til disposisjon for barnas aktivitetar.

§ 11 OPNINGSTIDER:

Opningstida i barnehagane er primært kl 07.00-16.30. Barnehagen har moglegheit til å utvide opningstida 15 minutt frå morgon ved behov og drøfting med SU.

Barnehageåret startar 15 august og varer til 14 august året etter.

Borna må ta ut tre veker samanhengande ferie i perioden 20 juni til 15 august samt at barnehagen nyttar 5 planleggingsdagar til kompetanseheving for personalet i året, dette utgjer til saman den betalingsfrie månaden.

Kvar barnehage kartlegg eventuelt behov for sommaropen barnehage ut frå tilbakemelding frå foreldre om når barnet skal være i barnehagen. Barnehagen får bindande påmelding om behov innan 15. mai. Sommaropen barnehage blir i så fall i Sauland, og kommunestyret har bestemt at sommaropning må gjelde for minst 10 plassar.

§ 12 POLITIATTEST:

Den som skal arbeide i barnehage må legge fram tilfredsstillande politiattest. Attesten skal syne om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn.

Personar som er dømd for seksuelle overgrep mot barn, er utelukka frå arbeid i barnehagar.

Kommunen kan krevje politiattest etter første ledd også for andre personar som regelmessig har opphald i barnehagen. (§ 19)

§ 13 FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

For å sikre eit godt samarbeid med heimen, skal alle barnehagane ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jf. § 4 i *lov om barnehagar*. Barnehagen skal ha eit foreldreråd der foreldra i barnehagen er medlemmar. Samarbeidsutvalet består av representantar for foreldre og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Samarbeidsutvalet består vanlegvis av to representantar frå kvar gruppe, pluss ein representant frå barnehageeigaren/kommunen. Leiaren og nestleiaren vert vald for eitt år om gongen. Foreldrerådet i dei kommunale barnehagane vel ein representant med varaperson til samarbeidsutvalet. Valet gjeld for eitt år i gongen. Foreldrerådet skal fremje felles interesser for foreldra og medverke til eit godt samarbeid mellom barnehagen og foreldregruppa. Foreldrerådet skal få tilgang til, og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen. Ved avstemming gjev foreldra ei stemme for kvart barn, og vanleg fleirtaksvedtak gjeld, jmf *forskrift om barnehagens foreldreråd*. Der barnehagetilbodet er organisert saman med skule i eit oppvekstsenter er foreldretvalet og samarbeidsutvalet felles for heile oppvekstsenteret.

§14 INTERNKONTROLLSYSTEM I BARNEHAGANE:

Lov av 04.07.77 nr 4 om arbeidsvern og arbeidsmiljø

Lov av 11.06.76 nr 79 om produktkontroll

Lov av 21.05.71 nr 47 om brannfarlege varer

Lov av 14.06.74 nr 39 om eksplosive varer

Lov av 05.05.87 nr 26 om brannvern

Lov av 24.05.92 nr 4 §3 om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr

Lov av 05.05.95 nr 19 om barnehagar

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v, inkludert forskrift om sikkerheit på leikeplassen (produktkontrolllova)

Kommunal plan for tilsyn med barnehagane.

§ 15 FORSIKRING

Born som har plass i kommunal barnehage, er forsikra i opphaldstida og på veg til og frå barnehage.

Forsikringa gjeld berre personskade, og ikkje skade på personlege eigedelar som for eksempel briller, klede, vogn eller leiker.

Ansvarsforhold for skader som oppstår utover dette, blir det teke avgjerd om etter lov om skadeserstatning.

§ 16 VEDTEKTSENDRINGER:

Vedtektsendringar skal leggjast fram for barnehagens foreldreråd og samarbeidsutval til uttale før endeleg behandling i utvalet for levekår og kultur